



# Kvinne, liv, fridom

SV

8. mars 2023

# Jin, jiyān azādi

# Kvinne, liv, fridom

Jina Aminis død 22. september i fjor utløyste store demonstrasjonar i Iran. Fleire hundre tusen menneske har teke til gatene for å protestera mot den brutale undertrykkinga som overskyggjer liva deira.

Blant krava deira står:

- At diskrimeringa av kvinner stansar
- Ein slutt på den brutale undertrykkinga kurdarar og balutsjarar opplever
- Ytringsfridom og eit rettferdig rettssystem

Demonstrasjonane har vorte møtte med brutalitet, fengsling og drap, og fleire er dømde til døden. SV står i solidaritet med alle som kjempar for rettferd, demokrati og ein slutt på undertrykking.

Kvinnedagen er ein kampdag der me står saman for kvinner i alle delar av verda.

Me krev at Noreg bruker all den makt og innverknad me kan ha på å støtta krava til demonstrantane, og får ein slutt på valden, drapa og dødsdommane.

**Ingen er fri før alle er fri**

God kampdag!

**Sosialistisk Venstreparti**

Hagegata 22, 0653 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

**Meld deg inn i SV!**

Send SMS med  
INNMELDING <din e-post>  
<ditt namn> <adressa di>  
til 2090 (100 kroner)

